



Styreårsmelding 2015

Gudbrandsdalsmusea AS har som formål å drive museumsverksemd i samsvar med selskapet sine vedtekter og andre styringsdokument.

Selskapet si selskapsadresse er i **Sel** kommune med fylgjande avdelingar

- **Lesja** avd. 3a/Lesja bygdemuseum, marknadsansvarleg, avd. 9/bygningsvernådgjevar og regional arkeolog
- **Dovre** avd. 3b/Einbustugu og 5b/Opplandsarkivet
- **Vågå** avd. 4/Jutulheimen, 5c-d/Opplandsarkivet og skuleformidlingsansvarleg
- **Lom** avd. 2a/Lom bygdemuseum, 2b/Stavkyrkjesenter, 10/Norsk Fjellmuseum og samlingsansvarleg
- **Skjåk** avd. 5a/Opplandsarkivet
- **Sel** avd. 1b/bergverksutstilling, industriregistrator og felleskontor
- **Nord-Fron** avd. 7/Gudbrandsdal Krigsminnesamling
- **Sør-Fron** avd. 1a/adm, 1d/Tusenårsstad, 5e/Opplandsarkivet, 8/Pilegrimssente og, 11/gardsbutikk
- **Ringebu** avd. 6/Stavkyrkjeutstillinga

Styret hadde i 2015 **6** styremøte (2014: 5) og handsama **48** saker (46). Det var ordinær generalforsamling 27. mai i nybygget på Tunstugu, Lesja og eigarmøte 23. november i Jutulheimen, Vågå.

Museet hadde i 2015 **54 022 (43 562)** registrerte besøk, ein auke på **23,7 % (3 %)**.

Driftsresultatet for 2015 var kr. – **39 943 (-475 053)**. Årsresultatet syner eit resultat på kr. **32 083 (-324 125)**.

Bankinnskott var pr. 31.12.12 kr. **5 075 986 (5 301 006)**.

Selskapet har ein eigenkapital pr. 31.12.2015 på kr. **2 217 018 (2 184 935)**. Selskapet sitt årsresultat på kr. **32 083 (-324 125)** tilførerast annan eigenkapital.

Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rettvist bilete av egedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat for selskapet. I samsvar med rekneskapslova § 3-3 stadfestar vi at forutsetting for fortsatt drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Av **14 (13)** fast tilsette pr. 31.12.2015 er det **7** menn og **7** kvinner (tilsvarande. i årsverk 4,6 og 5,5). Av desse er **8** i 100 % stilling: 3 menn og 5 kvinner. Det er ikkje sett i gang særskilte likestillingstiltak gjennom året. Ein person har gått av med pensjon i 2015.

Styret har 3 menn og 4 kvinner (jf. 1. personleg vara: 5 og 2).

Dei fast tilsette har ein frammøteprosent på **93 % (98,1)**. Det har ikkje vore uhell med personskade i 2015. Arbeidsmiljøet er godt. Selskapet er medlem i Gudbrandsdal Bedriftshelsetjeneste og er IA-bedrift.


Styret kjenner ikkje til at selskapet forureinar det ytre miljø. Det er innført kjeldesortering der det er mogeleg. Det er oppfordra til samkøyring til møte og bruk av off. kommunikasjon.

Hundorp 23. februar 2016

Styret for Gudbrandsdalsmusea AS


Jan Reinert Rasmussen
Styreleiar


Grete Lilleseter



Signe Thoresen


Berit E Meiningen


Einar Høystad


Torveig Dahl
direktør/sekr. styret


Bård Hanem


Gunhild H Hansen